

RETNINGSLINJER FOR AUSTRHEIM VIDAREGÅANDE SKULE - SKULEÅRET 2018/19

FAGKARAKTERAR: IV eller KARAKTER

Husk: Alle fagkarakterar som er grunnlaget for å setje termin/ standpunkt-karakterar skal først på skulearena ! **Frist: Straks etter at vurderinga er gitt.**

Eleven må gjerast kjend med vurderingskriteriane, som gjeld for den einkilde vurderings situasjonen, på førehand.

Skriftleg: Læraren må setje karakter dersom eleven har delteke på minst 1-2 vurderingssituasjonar, som til saman dekkjer dei fleste (minimum 80 %) av måla i læreplanen læraren har tenkt å vurdera den terminen. Dersom eleven er vekke på dei prøvane som er gjort kjend for dei på førehand, bør læraren leggje til rette for at eleven kan vurderast i desse kompetansemåla når han møter på skulen. Det er elevens ansvar å framstille seg til ny prøve. Dersom eleven har for stort fråvær kan dette føre til IV.

Munnleg: Læraren må setje karakter, dersom eleven ikkje har så stort fråvær at det ikkje er forsvarleg å vurdera han utifrå fagleg munnleg aktivitet i timane.

Elevar som vegrar seg for å ta ordet i timane, må få tilbod om høyring på einerom/ mindre grupper.

Er klassane så store at det kan vere vanskeleg å vurdera kvar enkelt elev, kan skriftleg/ ”munnleg” prøvar nyttast.

SNU ARKET !

ORDEN OG ÅTFERD:

Viser elles til §7 i [forskrift](#) om felles ordens- og åtferdsreglement ifrå 01.08.17.

I fastsetjinga av karakterane i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. (f. §3-5, 5.ledd)

Det er berre standpunktkarakteren i orden og åtferd som reknast som enkeltvedtak og som løyser ut klagerett .

Husk: Alle merknader som er grunnlaget for å setje termin/ standpunkt - karakterar skal først på skulearena !

Frist: Snarast mogleg etter hendinga.

Eleven skal ha varsel etter 5 merknader.(Fusk: Sjå nedanfor)

Fråver: Elev(over 18)/føresette må snarast mogleg gje beskjed på mail om fråveret.

ORDEN:

MANGLAR STORE/ SMÅ INNLEVERINGAR :

Faglærer må på førehand informere elevane om kva som er stor eller liten innlevering.

Elevane må også få vite om karakteren tel lite eller mykje på termin/ standpunktkarakteren.

Store innleveringar: Manglar 2 → NG, meir enn 2 → LG

Store innleveringar vektast med 5.

Små innleveringar: Vert ført som andre merknader. 10 → NG, 20 → LG

SISTE FRIST FOR INNLEVERING AV ARBEID: 1 veke etter avtalt tid.

Arbeid som vert levert etter denne fristen, vert i hovudsak ikkje vurdert.

Faglærer må på førehand informere elevane om fristar og konsekvensar.

Eleven skal snarast mogeleg ta kontakt med faglærer for å avtale korleis læringsarbeidet kan følgjast opp dersom han/ho ikkje kan gjere arbeidet til avtalt tid.

Dersom ein elev manglar 1 eller fleire innleveringar/prøvar, kan dette føre til at eleven går ned i fagkarakter.

Andre merknader vert ført på skulearena med vekting 1: 10 → NG, meir enn 20 → LG

(udok. fråver, ikkje gjort lekser, for sein innlevering(i veke etter fristen), for sein til timen(meir enn 5 min.), ikkje ryddar arbeidsplassen, gløymt utstyr, tar med utstyr frå kantina..)

Vekke ifrå PTF/ utplasserings -plass utan å gje beskjed til kontaktlærer og arbeidsplass:

2 dagar → NG, meir enn 2 → LG

Elev(over 18)/ føresette må snarast mogleg gje beskjed på e-mail til kontaktlærer, dersom eleven ikkje kan møte. Eleven sjølv gjev beskjed til arbeidsplassen.

ÅTTFERD:

FUSK PÅ PRØVAR/ INNLEVERINGAR: 1 gong: Elev får varsel om fare for nedsatt til NG , 2 gongar → NG, meir enn 2 → LG

Det vil ikkje bli gitt fagkarakter på prøven/ innleveringa. Resultatet på prøven/ innleveringa blir annullert. Elevar som vert tatt i fusk har ikkje rett på ny prøve.

Utvist ifrå timen av faglærer: 2 gongar → NG, meir enn 2 → LG

Andre merknader vert ført på skulearena med vekting 1: 10 → NG, 20 → LG
(ulovleg bruk av digitale verkty, bråk i opplæringa,..) Sjå §7 pkt.2

Hærverk, mobbing og trakassering må snarast takast opp i klasselærarråd, og i samråd med rektor avgjere kva for karakter og følgjer det skal få for eleven.